



Maria i svensk drakt

Rosendal Songlag, Åshild Røsland og Røysterett for alle.
Det er berre nokre av dei lokale songkreftene som skal opptre
i kulturhuset på Stord laurdag 15. februar når Maria Malmsten
og mannen, Einar, vil markera 50-årsdagane sine.

– Det blir ei festframsyning i ord, song, dans og tonar, seier den svensk-norske Maria, som opererer i utruleg mange musikalske samanhengar også i Kvinnherad.

– Vi håpar begge å bli 50 år til neste år, og vil markera dette med å gje ei gåve til Kolibri og deira arbeid for gatebarn i Brazil, fortel Maria Malmsten.

50-årsdagane til Maria og mannen vil bli feira med eit stortstilt arrangement i Stord kulturhus laurdag 15. februar. Der skal òg mange kvinnherske musikkrefter delta.

"Länge leve livet" med undertittelen liv, glede og solidaritet, kallar dei arrangementet sitt, der også Rosendal Songlag, Åshild Røsland og Røysterett for alle er blant dei som vil underhalda.

Festframsyninga i storsalen i kulturhuset på Stord er planlagt med ei lang, variert og spennande artistliste. Der blir danseinnslag, kor, jazztrio, diktlesing, bluesband, rockeband, gitartrio, songensemble, soloinnslag på ulike instrument, dokketeater, Kolibri-presentasjon, eldshow, designer med catwalk, sjonglør, punkband og fleire urframføringar.

Artistane kjem frå lokalmiljøet og elles frå inn- og utland.

Felles for alle deltakarane; lyd- og lysmenn, profesjonelle aktørar

og amatørar er at dei stiller opp gratis og at alt billettsal går uavkorta til Kolibri og deira verksemd.

– Einar og eg skal ikkje ha nokon form for gåver, seier Maria Malmsten oppglødd. Alle som vil gje oss gåver får heller kjøpa billett til ei av framsyningane laurdag 15. februar, og elles betala fo det som er til sals i kulturhuset denne dagen, seier ho. Alle inntektene på arrangementa vil gå uavkorta til Kolibri, eit kunstprosjekt for gatebarn i Brazil.

Blant utøvarane finn vi desse:

Stord gitartrio, Monika Solheims dokketeater, Create, TrioVest, Bømlo kormix, Morten Stenersen, Steinkopf jazztrio, Åshild Røsland, Røysterett for alle, Fridar Malmsten Steinkopf, Tugga Terrier, Magdalena From Delis, mMokkat vokalensemble, Truls Horvei, Tiril Einarsdotter, Bjørn Arve Lunde, Rosendal Songlag, Finn Arne Ottesen og fleire andre.

– Vi håpar mange vil bli med på Länge leve livet, vi gler oss stort, avsluttar Maria, som gjennom ei årrekkje har vore den sprudlande dirigent for Røysterett for alle.

Av Kristian Hus